

## STYRESAK

**GÅR TIL:** Styremedlemmer  
**FØRETAK:** Helse Førde HF

**DATO:** 09.11.2016  
**SAKSHANDSAMAR:** Vidar Vie/Lars E. Solend  
**SAKA GJELD:** **Rapportering om prosjekt i Helse Førde**

**ARKIVSAK:** 2013/3778  
**STYRESAK:** **067/2016**

**STYREMØTE:** **16.12.2016**  
18.11.2016 utsett

---

Tidlegare handsaming i styret: 036/2014 O, 061/2014 O, 045/2015 O, 070/2015, 039/2016

### **FORSLAG TIL VEDTAK**

Rapportering frå prosjekt i Helse Førde per november 2016 vert teken til orientering.

## Oppsummering

Styret i Helse Førde har bedt om å bli jamleg orientert om statusen for prosjekt i Helse Førde. I tråd med årsplan vert oversikt per november 2016 presentert.

## Fakta

Det vert i Helse Førde gjennomført mange ulike typar prosjekt. Dette er både prosjekt med lokalt initiativ og gjennomføring av regionalt initierte prosjekt med lokal deltaking og implementering. Alle prosjekta vert følgde opp gjennom jamleg rapportering til føretaksleiinga og/eller til eigne styringsgrupper.

For å styrke prosjektprosessen og overvakinga av status og risiko i dei ulike prosjekta, rapporterer prosjektleiarane jamt på status i prosjekta. Prosjektleiar følgjer opp med tiltak i tilfelle der status ikkje syner tilfredstillande bilde. Statusvurdering dannar også grunnlag for kommunikasjonen internt i prosjekta, og med prosjekteigar/styringsgruppene.

Program og prosjekt i Helse Førde som har høg prioritet er:

- Pasientens helseteneste
- Alle møter
- DIPS Arena
- KULE
- DMA
- LIBRA
- PoPP
- CheckWare
- NORSE
- Pasientar med store, langvarige og samansette behov
- Nasjonalt helseatlas
- Nytt naudnett
- Bygg aust
- Investeringsporteføljen

## Pasientens helseteneste

Helse Førde har oppretta programmet «Pasientens helseteneste» med mål om å utvikle tenester som er samordna, tilpassa behovet og gjev pasienten så stor medverknad som råd. Hittil i 2016 er det utført ulike aktivitetar for å etablere program og prosjekt, sikre forankring og tydeleggjere mål. Følgjande prosjekt er så langt oppretta i programmet:

- Utvikle døgntilboda
- Dagbehandling og poliklinikk
- Utvikle psykisk helsevern
- Lærdal sjukehus
- Prehospitale tenester

- Legeplan
- Stab og støtte
- Forprosjekt «Nye Førde sjukehus»

*Utvikle Døgntilboda* skal bidra til å utvikle eit moderne døgntilbod som har rett kapasitet til dei ulike behova. Døgntilboda skal utviklast og samordnast for å møte pasientar sine fleir- og tverrfaglege behov på ein betre måte. Det skal skapast nye rammer for fagleg samhandling på tvers av fagområde og dagens organisering. Pasienten skal få tenester med god spesialkompetanse, samstundes som tenestene skal ha breiddekompetanse. Hovudaktivitetar hausten 2016 er å skildre situasjonen i dag og kvalitetssikre tal og arealbehov frå konseptfaserapport på «Nye Førde sjukehus».

*Dagbehandling og poliklinikk*prosjektet har som mål å utvikle dei polikliniske tenestene og dagbehandlinga i tråd med føringane i programmet «Pasientens helseteneste». I haust vert det arbeidd med å få på plass ei prosjektgruppe og ferdigstille mandat for prosjektet. Det er sett ned ei arbeidsgruppe som har byrja eit utgreiingsarbeid som skal sjå på mogleheitene for å opprette ein felles infusjonspoliklinikk ved FSS.

*Utvikle psykisk helsevern* skal greie ut og klargjere behovet for framtidig tenestetilbod for personar med psykiske lidingar og rusproblem. Målet er å styrke brukarane si stilling i møte med spesialisthelsetenesta, og sjå til at dei får trygge og heilskaplege tenester som kontinuerleg vert utvikla og tilpassa behova deira. Gjennom brukarmedverknad og samhandling skal psykisk helsevern bidra til betre livskvalitet, og arbeide for høgare gjennomsnittleg levealder for personar med rusproblem eller alvorlege psykiske lidingar. Hovudaktivitetar hausten 2016 er å skildre situasjonen i dag og kvalitetssikre tal og arealbehov i «Nye Førde sjukehus».

*Lærdal sjukehus* er oppretta for å kartlegge i kva grad tenestene samsvarer med behov og føringar i programmet «Pasientens helseteneste». Sjukehuset har ein viktig funksjon som lokalsjukehus for innbyggerane i Indre Sogn. Prosjektet skal kartlegge tenestene ved Lærdal sjukehus og innbyggerane sine behov som grunnlag for å vurdere eventuelle behov for utvikling/ending. Kartleggingsarbeidet tok til i mars 2016 og skal vere ferdig i løpet av november.

*Prehospitala tenester* skal sikre framtidige bil- og båtambulansetenester i område sør som dekkjer innbyggerane sine behov for forsvarlege prehospitala akuttjenester, og som er i samsvar med faglege og økonomiske føringar.

*Legeplan* skal gje Helse Førde ein samla plan for lege/behandlartenester i opptaksområdet fram mot 2030 som er med å gje retning for prioriteringar framover, og på den måten medverkar til at innbyggerane får fagleg gode og relevante spesialisthelsetenester i pakt med utviklinga i behovet i befolkninga. Tiltaka må kunne realiserast innanfor ei berekraftig

kostnadsramme. I oktober og november har prosjektet ein gjennomgang med einingane for å kartlegge situasjonen i dag og utviklingstrekk framover.

*Stab og støtte* skal vurdere organisasjonsendringar knytt til intern service og forsyning, fag- og utviklingsavdelinga og arbeidsprosessane «Post inn til Helse Førde» og «Behandling av fagsaker i Helse Førde».

*Forprosjektet «Nye Førde sjukehus»* er under planlegging i tett samarbeid med Sykehusbygg HF. Prosjektdirektiv er under utvikling og tilbod på rådgjevar og arkitekt tenester skal lysast ut før jul. Forprosjektet har fått startløyvingar i statsbudsjettet for 2017 med 18 millionar, og forprosjekt skal startast opp primo januar 2017. Fram til sommaren 2017 vil forprosjektet ha fokus på utvikling av romprogram og dialogar med tenesteutviklingsprosjekta. Frå sommaren 2017 vil prosjektet gå over i ei meir konkret utformingsfase med ferdigstilling av forprosjekt våren 2018, og det vil bli lagt fram forslag for investeringsvedtak 30/4-2018.

#### **«Alle møter»**

Regionalt program i Helse Vest. Måla med «Alle møter» er mellom anna at aktiviteten i poliklinikk er planlagt og effektiv, og at pasientar og pårørande har korrekt og lett tilgjengeleg informasjon. I dette ligg blant anna kortare ventetid for pasientane, og at fleire møter til tildelt time.

I mai kom første del av «Min pasientjournal» i Helse Vest. Då kunne pasientar innan somatikken logge seg inn på [helsenorge.no](http://helsenorge.no) eller [vestlandspasienten.no](http://vestlandspasienten.no) og sjå utvalde journalnotat. I september blei det opna for at også pasientar innan rus og psykisk helsevern kan få tilgang til journalen sin på nett.

Dei nye delprosjekta «Open linje» og «Vel møtt» har høg aktivitet no. Med desse prosjekta skal vi gjere det enklare for pasientane å nå oss på telefon, vi skal la pasienten bli meir sjølvbetjent på sjukehuset med blant anna innsjekk og betaling. Begge desse delprosjekta vil gjennomføre pilotar før ei eventuell utrulling til alle avdelingar.

#### **DIPS Arena**

Eit regionalt prosjekt der målet er at helseføretaka i Helse Vest gjennom gradvis innføring av DIPS Arena som journalsystem skal bidra til optimalisering og innføring av felles rutinar og arbeidsprosesser. Helse Førdes oppgåve er gjennom lokal prosjektorganisering å førebu og gjennomføre innføring i føretaket. Vidare å delta i referansegrupper for fagleg og regional forankring, bidra med ressursar frå eige fagsenter samt planlegge og gjennomføre pilotering.

Før ein eventuell plan for utrulling av trygg pleie blir utarbeidd, vil vi sjå på evalueringa av KULE/Trygg pleie. Lokalt prosjekt ventar og på regionale førebuingar for utrulling av behandling poliklinikk og innlegging hausten 2017, og vil bidra i dette arbeidet etter behov. Lokal prosjektleiar skal delta på testing av DIPS Arena versjon 16.1 i november/desember.

Det er ei utfordring knytt til registrering av pakkeforløp bryst. Årsaka er måten forløpet er organisert i Helse Førde, og har ikkje noko direkte med løysinga i DIPS Arena å gjere. Det er dialog med kirurgisk avdeling for å finne ei god løysing på dette. Inntil dette er på plass blir desse pakkeforløpa registrert i Classic.

Modulen pakkeforløp kreft i DIPS, som går på koding av pakkeforløpa, blei tatt i bruk i Helse Førde 1. oktober. Det er gode tilbakemeldingar frå forløpskoordinatorane på denne. Modulen har forenkla kodinga betraktelig, og i tillegg har vi fått ei samla og god oversikt over alle pakkeforløpa, noko som mangla i DIPS Classic. Vi opplever at den nye løysinga gir oss betre pasienttryggleik og større kontroll over heile pakkeforløpet og alle fristane vi skal overhalde.

### **KULE**

Regionalt prosjekt. Målet med KULE er å betre kvalitet, tryggleik og effektivitet ved å etablere elektronisk løysing for kurve og legemiddelhandtering (MEONA) integrert med DIPS. Gjennom dette vil mellom anna risikoen for feil knytt til legemiddel bli redusert.

MEONA er no i bruk ved fleire medisinske og kirurgiske sengepostar i Helse Førde. Innføringa så langt har gått bra, og tilbakemeldingane er gode frå sluttbrukarane. Det er planlagt å overføre første del av prosjektet til forvaltning mot slutten av året. Prosjektet har starta med å sjå på forslag til effektiv bruk av MEONA, på same tid som vi held fram med innføring på stadig fleire avdelingar.

### **DMA (Digitalt mediaarkiv)**

Regionalt prosjekt. Målet er å oppnå betre og sikrere pasientbehandling og auka støtte til kliniske vurderingar. Dette skal skje gjennom god og sikker felles løysing for lagring, atffinning, deling og bruk av bilde og video knytt til pasientbehandling.

Utrulling av ultralyd er i gang på kvinneklinikken, ANRR og barneavdelinga. Tilgang til DMA for brukarane er bestilt. Ein har gått gjennom opplæringsregimet med aktuelle leiarar på aktuelle avdelingar. Ressursnavn på ultralydapparata er på plass i Dips. Det gjenstår å sjekke litt nettverkspunkt på dei ulike romma der ultralyd blir brukt. Dette er arbeid som medisinsk teknisk avdeling sjekkar opp. Det skal være ei piloteringsrunde for e-læringskurset digitalt kamera. Her er det ønskjeleg at ressurspersonar frå hud- og barneavdelinga deltek.

### **LIBRA (Lager, innkjøp, budsjett, rekneskap og anskaffing)**

LIBRA er eit stort regionalt program, der Helse Vest mellom anna skal byte til nytt økonomisystem. Dette vert ei stor investering av Helse Vest IKT. Alle helseføretaka i Helse Vest skal nytte dette systemet.

I samband med behovet for nytt økonomisystem, har Helse Vest starta eit arbeid med å optimalisere støttetjenester innan økonomi, innkjøp og logistikk. Dette vert gjort gjennom å

utforme og innføre sams arbeidsprosessar basert på beste praksis, innføre felles systemstøtte, foreslå optimal organisering, forbetre, effektivisere og auke kvaliteten på ikkje-medisinske tenester.

Kvart helseføretak har organisert eigne lokale prosjekt for å førebu seg på eit nytt system, og dei endringane som vil kome i samband med dette. Det lokale prosjektet skal syte for at endringane vert implementerte på ein god måte. Prosjektet vil påverke alle leiarar, stabsfunksjonar og andre tilsette som er involverte i økonomiarbeid og vareflyt i sjukehusa. Helse Førde tilpassar no organisasjonen til LIBRA.

### **PoPP (Portefølje og Prosjekt/Program)**

PoPP (portefølje og prosjekt/program) er eit regionalt prosjekt som vert gjennomført med deltakarar frå alle føretaka, Haraldplass Diakonale Sykehus, Helse Vest IKT, Sjukehusapoteka Vest og innkjøpsføretaket.

Prosjektet skal vidareutvikle og innføre felles prosessar, metodar, malverk og verktøy for å understøtte behova føretaka har for prosjekt, program- og porteføljestyling i størst mogleg grad. Som del av dette arbeidet skal IT-verktøyet CA PPM innførast. Dette er eit program for mellom anna ressursstyring og rapportering i prosjekt som gir gode moglegheiter for porteføljestyling.

I haust blir det arrangert to opplæringsksamlingar i CA PPM for prosjektleiarar og prosjektmedarbeidarar i Helse Førde. Den første samlinga vart gjennomført 21. september og neste samling er planlagt 30. november. Ein viktig milepåle vart oppnådd ved at statusrapport per september vart registrert for alle prosjekt i CA PPM. Vidare utover hausten vil det vere eit fokus på å få registrert kven som arbeider i prosjekta med tilhøyrande stillingsprosent. Det vil og bli arbeidd med å vidareutvikle porteføljestylinga til Helse Førde.

### **CheckWare**

Regional utrulling av CheckWare i psykisk helsevern. Eit kartleggingsverktøy i samband med pasientbehandling, forskning og kvalitetsarbeid.

Prosjektperioden er forlenga igjen til 16. desember, grunna mellom anna testing av ny versjon av CheckWare. Helse Førde ventar også på harmonisering med NORSE (PHV sitt prosjekt som skal integrerast i den regionale løysinga). Produksjonssetting i Helse Førde, ved DPS Dag, er sett til 6. desember. Informasjonsmøte i oppstarteinga er planlagt 29. november. Utrulling i resten av psykisk helsevern vil skje i 2017.

### **Kvalitetsregister og klinisk tilbakemeldingssystem i PHV (NORSE)**

NORSE er eit system som er utvikla i Helse Førde for å gi strukturerte tilbakemeldingar frå brukarar i psykisk helsevern. Dette vil gi eit betre grunnlag for individualisert behandling,

heilskapleg forståing av lidning- og ressursbilete og større brukarmedverknad. Systemet lærer aktivt av tilbakemeldingar frå pasientane og tilpassar vidare målingar etter desse og utviklar profilar av symptom og ressursar hos pasientar. Denne informasjonen kan klinikarane nytte gjennom behandlingssløpet.

Psykisk helsevern i Helse Førde implementerer systemet for alle pasientar ved alle kontaktformer. NORSE er så langt implementert ved DPS døgn og dag i psykiatrisk klinikk og DPS døgn, dag og seksjon for rus ved Nordfjord psykiatrisenter. Prosjektet arbeidar med å planlegge implementering på DPS, rus på Tronvik og tverrfagleg fedmepoliklinikk.

Prosjektet har fått innovasjonsmidlar frå Helse Vest og har tilsett ein prosjektutviklar i 60 prosent stilling frå 1. august 2016. I tillegg er det for tida tre doktorgradar i prosjektet. I oktober har prosjektet søkt på to utlysingar frå Norsk forskingsråd under innovasjon i offentleg sektor (10 MNOK) og integrasjon av psyke, soma og rus (15 MNOK)

Vidare samarbeider prosjektet med Nasjonal kompetansetjeneste (TSB) som har brei kompetanse på tilbakemeldingssystem. TSB skal lage ein informasjonsvideo om NORSE som Helse Førde kan bruke lokalt, og TSB kan bruke til å formidle kunnskap om NORSE på lik linje med andre tilbakemeldingssystem som blir brukt i rus og psykiatribehandling.

### **Pasientar med store, langvarige og samansette behov**

Prosjektet byggjar på det tidlegare «Storbrukarprosjektet». Det er eit samarbeidsprosjekt mellom Helse Førde, Høgskulen i Sogn og Fjordane, Eid kommune, Flora kommune og Førde kommune. Prosjektet har som hovudmål å betre livskvaliteten til pasientar med store og samansette behov, gjennom å utvikle gode pasientforløp og effektiv oppfølging i samhandling mellom spesialist- og kommunehelsetenesta i Sogn og Fjordane.

I haust arbeider prosjektet med å identifisere og kartlegge pasientar med store og samansette behov i dei deltakande kommunane. Både bachelorstudentar ved sjukepleierutdanninga og masterstudentar frå Høgskulen i Sogn og Fjordane er involverte i kartlegginga.

### **Nasjonalt helseatlas**

For å få betre kunnskap om forbruk og variasjon av helsetenester skal det utviklast ei nasjonal elektronisk atlasteneste. Nasjonal helseatlasteneste skal presentere omfang, ulikskapar og utviklingstrendar av helsetenester (diagnostikk, prosedyrar osv.) fordelt på geografiske regionar. Kunnskap om variasjonar skal mellom anna nyttast i forbetningsarbeid i spesialisthelsetenesta.

Helse- og omsorgsdepartementet bad i føretaksmøte i januar 2015 Helse Nord RHF og Helse Vest RHF om å samarbeide med Helsedirektoratet om å utvikle ei nasjonal atlasteneste. Helse Førde utfører dette oppdraget på vegne av Helse Vest RHF og starta arbeidet i september/oktober 2015. Senter for klinisk dokumentasjon og evaluering har starta arbeidet på vegner av Helse Nord RHF. Helse Vest RHF og Helse Nord RHF har inngått samarbeidsavtale som skal sikre god kvalitet og godt samarbeid i helseatlastenesta.

Helse Førde HF har fått konsesjon frå Datatilsynet til behandling av helseopplysingar knytt til utviklinga av Nasjonal helseatlasteneste. Vi har søkt Norsk pasientregister (NPR) om utlevering av data frå spesialisthelsetenesta. Søknaden er framleis til juridisk vurdering hjå NPR.

Helse Førde sitt første helseatlas er planlagt innan ortopedi. Senter for klinisk dokumentasjon og evaluering (SKDE) har gitt ut helseatlas innan dagkirurgi og barnehelse, og har planar om helseatlas knytt til KOLS, forbruk av spesialisthelseteneste for eldre og ei vidareutvikling av barnehelseatlas.

### **Nytt naudnett**

Nasjonalt prosjekt med mål om å medverke til ein tryggare og meir effektiv kommunikasjon. Skal bidra til å vidareutvikle og støtte opp under samhandlinga mellom ressursane i kommune- og spesialisthelsetenesta, samt med politi og brannetatane. Dette skjer gjennom ei storstilt utbygging av naudnett i heile landet til erstatning for dagens helseradionett.

27. oktober 2015 gjekk Helse Førde på nytt naudnett. Alle naudetatar brukar no naudnett til dagleg kommunikasjon. Det vert no gjennomført erfaringsmøte med alle aktørane for å fange opp erfaringar og utfordringar med drifta.

Opplæring av instruktørar og brukarar av små kontrollrom pågår, og skal vere fullført i veke 45. Dette er brukarar ved akuttmottak i Førde, medisinsk avdeling på Eid og Lærdal i tillegg til brukarar frå legevaktsentralane ved Førde LVS, Nordfjord LVS og Sogn LVS.

Gjennom delprosjektet «Internvarsling i sjukehusa» skal naudnett for internvarsling av akutteam, beredskap og psykiatri implementerast i sjukehusa i Helse Vest. I Helse Vest er Voss sjukehus prioritert, då dei har dårlegare system for internvarsling enn andre sjukehus i regionen.

Det pågår også avklaringar for vidare drift av helseradionettet. Dette skal demonterast, men noko skal vidareførast grunna bruk opp mot Seaking samt at Raudekrossen truleg ønskjer å overta noko av eksisterande infrastruktur for eige framtidig bruk.



## Bygg Aust

Entreprenørar er godt i gang med arbeidet, tett bygg var 16.09.2016. Bygget skal stå klart til 01.07.2017 i samsvar med tidlegare planar.

Anboda låg noko over det som var venta, slik at ein del av prosjektreserven/marginen var brukt opp før arbeid starta. Det er innvilga nokre endringskrav frå entreprenørar, og det er om lag 1,7 millionar i minus i prosjektet slik det ser ut no. Det betyr at heile prosjektreserven er brukt opp.

## Investeringsporteføljen

For å følgje med på dei enkelt investeringane, og for å rådgje administrerande direktør med prioriteringar, er det oppretta ei eiga styringsgruppe for investeringar under 50 millionar. Grappa vert med jamne mellomrom orientert av prosjektleiarane om kor langt prosjekta er komne i prosess frå iverksetjing til ferdigstilling. Det vert i tillegg rapportert om måloppnåing i kvart enkelt prosjekt. Det gjeld mål innan framdrift, kostnader og samla måloppnåing på kvart enkelt prosjekt.

Nokre prosjekt går over fleire år, slik at vi i år brukar av investeringsmidlar som var løyvde av styret for 2016 og bakover i tid. Budsjettet for dei pågåande prosjekta i oktober er samla 67,1 millionar. Estimert prognose for desse prosjekta er 70,7 millionar. Kostnader utover budsjett vert løyst med tilleggsøyvingar og/eller ved å redusere omfang i prosjekta. Finansiering av tilleggsøyvingar kjem frå mindreforbruk frå tidlegare år, og ved at pågåande prosjekt får ekstra løyvingar i nytt år. Vi meiner at organiseringa rundt prosjekta gjer at vi no har ei god samla oversikt over investeringsprosjekta.

## Statusoversikt

Program- / prosjektnavn	Tidsplan	Kostnad	Kvalitet	Risiko	Personell	Forankring	Nytte	Mottak av leveransar
Pasientens helseteneste								
Alle møter								
DIPS Arena								
KULE								
DMA								
LIBRA								
PoPP								
CheckWare								
NORSE								
Pasientar med store...								
Nasjonalt helseatlas								
Nytt nødnett								
Bygg aust								
Investeringsportefølja								

## Stillingsoversikt

	År	2016			2017		
Program- / prosjektnavn	% stilling	Oktober	November	Desember	Januar	Februar	Mars
Pasientens helseteneste		486	486	486	616	616	616
Alle møter		356	356	356	356	356	356
DIPS Arena		15	15	15	15	15	15
KULE		2727	3687	1572	1550	2022	2532
DMA		32	32	32	32	32	32
LIBRA		216	142	222	224	227	260
PoPP		32	32	32	32	32	32
CheckWare		65	65	65			
NORSE		110	116	116	116	105	121
Pasientar med store...		95	99	99	99	90	104
Nasjonalt helseatlas		372	372	372	436	436	436
Nytt nødnett		32	32	32	32	32	32
Bygg aust		130	130	130	130	130	130
Investeringsportefølja							
<b>Sum timar</b>		<b>4669</b>	<b>5565</b>	<b>3530</b>	<b>3637</b>	<b>4093</b>	<b>4667</b>
<b>Månadsverk (162 timar)</b>		<b>29</b>	<b>34</b>	<b>22</b>	<b>22</b>	<b>25</b>	<b>29</b>

Tabellen syner kva som er meldt inn av ressursbruk av prosjekta med høg prioritet i Helse Førde. Vi arbeider med å auke presisjonsnivået på denne rapporteringa for å vere sikre på at alle prosjekta har ei felles forståing for korleis ressursbruk vert meldt inn. Oversynet gir likevel ein god peikepin på aktiviteten knytt til prosjekt i Helse Førde.

## Konklusjon

I Helse Førde er det høg aktivitet innan ulike prosjekt og prosessar, med fokus på auka pasienttryggleik, kvalitet og samhandling. Verktøy og system som er etablerte for å overvake og halde kontroll over aktivitet, ressursbruk og prioritering, er under stadig utvikling.